

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18.

Fylke: Møre og Romsdal.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Haram.

Emne: Joletre og jolehalm.

Bygdelag: Skuløy.

Oppskr. av: Karl Rogne.

Gard: Rogne.

(adresse): Longva.

G.nr. 7 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. **Etter eigi røynd.**

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Med joletre er det no reint aalment i heile Haram, det eg veit.
2. Tek eg ikkje mykje feil, var det brukt joletre her paa Skuløy fyrste gongen i 1895 eller der ikring. Um andre bygder i heradet hadde joletre noko fyre dette aaret, torer eg ikkje segja for visst. Set ein 1890, er ein paa den trygge sida. Fyre den tid var joletreskikken ukjend her, etter det eg veit.
3. Fyrste joletrefestane var haldne i skulane til glede for borni. Seinare tok heimane etter, sist kyrkja med tvo smaa joletre framme i kordøri. Ungdomslag og andre samskipnader hev jamnt joletrefestar. Daa er det gjerne so dei ymse lag nyttar same treet kvar sin gong, avdi det vert for trongrømt um alle skal vera ilag.
4. Noko serleg pynting med grønt, halmkrunor eller papirpynt er ukjent i bygdene her.
5. Sjaa svar til pkt. 4.
6. I heimane er vanleg høgde paa joletreet 1,5 m. eller der ikring. I skular og forsamlingshus gjeng høgdi upp i 3-4 m.
- 7.a. Det er pynta med fleirfarga papirlekkjor og papirkorger, lange rekkjor av smaa norske flagg feste paa lange

The first part of the document discusses the general principles of the law of evidence, and the second part discusses the rules of evidence in criminal cases. The author states that the law of evidence is a branch of the law which deals with the methods of proving facts in a court of law. It is a subject of great importance, and one which has attracted the attention of jurists and philosophers for many centuries. The author then proceeds to discuss the various rules of evidence, and the manner in which they are applied in practice. He also discusses the various methods of proving facts, and the manner in which they are evaluated by the jury. The author concludes by stating that the law of evidence is a subject which is constantly in flux, and one which is always being refined and improved.

traadar, "englehaar", kvite bomullsdottar her og kvar, ymselita smaa og større kulor, klokkor, glansringar og paa toppen ei glimande stjerna.

b. Treet er vel pynta med smaa kjerteljos, feste til greiner ^{på Treet} med ljosknipor. No gjeng ein meir og meir yver til elektrisk ljøs paa joletrei. Daa er ein trygg for aa faa talg- eller stearindropar paa klædi.

8. Det er dei vaksne som vanleg stend fyre joletrepentingi.

9. Treet stend jamnt i ein fot laga som ein kross. Det stend ikkje paa eit bord, men paa golvet. Under gonga kring treet vert det flutt midt paa golvet. Andre tider stend det i ei kraa i stova. I skular og forsamlingsrom hev treet sin faste plass midt paa golvet til det vert burtteke.

10. Paa festlege samkomor i skular og lag er ljosi kveikt berre med ein gjeng kring treet. Slike samkomor er jamnt millom jol og nyaar. Nyaarseftan og/eller nyaarsdagskvelden er mykje brukt for skulane.

I heimane er ljosi alltid kveikt joleeftan og nyaarseftan baade ein og tvo gongar. Elles kann det vera 1. og 2. joleledagskvelden. Sameleis 3. dag og nyaarsdagskvelden. Kjem framande born i huset, er det ikkje sjeldsynt at treet ~~er~~ vert franteke og kveit, so dei fær sjaa det.

11. Fyrst og fremst er joletreet for borni, og dei gled seg til gonga kring det. Det vert sunge fyrst og fremst salmar. Eg nemner: "Her kjem me dine arme smaa", "Glade jol", "No koma Guds englar med helsing i sky", "Eg synger jolekvad", "Fager er jordi", "Fager er den himmel blaa", "Det hev ei rosa sprunge", "Fraa Betlehem eit gjetord gjeng", "Eit barn er født i Betlehem", "Fred paa jordi", "Me gled no i barnekor", "Sæle jolekveld", "Eg er so glad kvar jolekveld", "Aa jol med di gleda" o. fl.

12. Det er ulikt. I sume heimar kann det staa til ut um tjuanddag.

13. Ein brukar ikkje hengja mat eller andre gaavor i treet. Jolegaavone til born og andre i huset ligg under treet med paaskrive namn til kvar. Ved joletreffestar for skuleborn, klæder tvo av borni seg sumtid ut som nissar, og dei deler ut ein pakke med ymse godt i til kvart barn paa festen. Daa gled borni seg. Ord som "hausta" eller "plundra" joletreet er ikkje brukt her.

14. Mest alltid fura.

15. Ingen "lagar" eit joletre. Hev ein ikkje slikt sjolv, kjøper ein eit.

16. Nei. Sume hengjer nok ut eit joleband til smaafluglane her og kvar paa tunet i ei buska eller eit tre.

1 og 2. Eg hev ikkje høyrte segn um halm paa golvet joleeftan og at den var bunden i vondlar til det bruk, men

3 og 4 i eldre tid laga dei flatsengjer paa stovegolvet um joleeftan. Der laag alle ungefolki, medan ektefolki laag i sengjene sine. Det sagdest vera til vern mot hulder, dverg og nissar som skulde vera sers leide jolenatti. (jfr. tjerekrossar paa fjøsdører o.l. til vern mot slikt utyske). Flatsengjene vart sjeldan brukt ut um 3. dag jol. Med dagen var dei ihoptekne for rømdi i stova.

4030

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

1870

1871
1872
1873
1874
1875
1876
1877
1878
1879
1880
1881
1882
1883
1884
1885
1886
1887
1888
1889
1890
1891
1892
1893
1894
1895
1896
1897
1898
1899
1900

1901
1902
1903
1904
1905
1906
1907
1908
1909
1910
1911
1912
1913
1914
1915
1916
1917
1918
1919
1920
1921
1922
1923
1924
1925
1926
1927
1928
1929
1930

1931
1932
1933
1934
1935
1936
1937
1938
1939
1940
1941
1942
1943
1944
1945
1946
1947
1948
1949
1950
1951
1952
1953
1954
1955
1956
1957
1958
1959
1960